



STILLE STUNDER

FOR HEIMEN OG SKULEN OG KYRKJA

NR. 3

Mai 2012

123. ÅRG.



Den må tidleg krøkjast....som god Stille Stunder-lesar skal verta. Foto: Reidun Vikne Molde.

Sol fra oven, sol fra bunnen...

Av Kari Leine Balog

Februar- eller mars-grøftekanten rett ved buss-stoppet kan vera utgangspunkt like gjerne som nokon annan stad. Derifrå går det sti innover.

Før våren vaknar, er det kulden som herskar der og. Vintersvake solstrålar frå blå himmel har lyst ned i veker og månader. Det ser ikkje ut til å gjera inntrykk, jorda er like kvit og stivfrosen. Og stille. Men vekene går, kalenderen syner nye blad, og langt om lenge er ikkje jorda kvit alle stader lenger. Det hjelper ikkje stort. Det som kjem fram under snøen, ser trøysteslaust ut. Alt som visna i fjor haust, kjem til synes og er grått og brunt og livlaust. Lauvtrea innafor står med dystre svarte greiner. Som om alle solstrålar prellar av. Vinteren er lang langs lysløypa.

Så ein dag er det noko nytt i vegkanten likevel. Mellom alt det brune og sølete og døde står ei bitte lita gul sol og struttar og lyser. Som om alle solstrålar som har bora seg ned i vinterdød jord, har lagt saman

alle sine krefter, har slege rot og veks opp att som ein liten og modig blomst. Var det den Anders Hovden såg då han skreiv Fagert er landet?

*Likjest vårt folk i mager jord
skjelvande blomen på bøen,
stend utan livd i vind frå nord
tett innmed kanten av snøen.*

Det er den som står føre meg når eg treng mot og tru på ei usynleg framtid.

Dei fyrste hestehovane er ikkje skvetne, men letturde. Ofte kjem kulden og snøen att. Dei kan stå der stivfrosne i tørrfrost eller duknakka under halvmeterar av ny snø. Står og står, like trauste og trassige, og kan vekkjast til live når kulden slepper taket. Frose liv. Eit glimt av menneskevenleg sol.

Fyrst kjem sola. Men ikkje lenge etter veks sjølve vinterhimmelen også opp av jorda i små og gneistrande blå bitar.

Når dei fyrste blåveisane kjem, er turen langs lysløypa som ein leiteekspedisjon for å

finna ut om verda er liv laga eit år til. Blåveisen er ikkje fullt så frampå som hestehoven, han held seg lenger unna bilvegen og gøymer seg gjerne under fjorgammalt lauv og kvist og kvas. Hans eige gamle lauv er grønt og fint, det er det han brukar for å få næring nok til å setja blomst. Då er det verre med alt nedfallslauvet. Men det går ikkje lenge før blomane vinn. Snart er marka blå og heile himmelen speglar seg mellom trea. Dei grå og brune flekkane innimellom vert berre som ufarlege regnskyer å rekna. Snart er det ingen lenger som hugsar snøen frå i fjor.

Inderleg takk, små fargeklattar av himmel og jord! I ansikta dykkar er det teikna at verknaden av sol og varme aldri kan avskrivast.

Frå boka «Vandring med sopp og sjel» (Luther Forlag 2006).

Pinseunderet

Av Torleiv Austad

At pinsa er ei luftig høgtid for mange nordmenn, skuldast ikkje berre at ho kjem på ei årstid då det som regel er herleg å vera ute i naturen. Det kjem og av at pinseunderet er vanskeleg å skjønna med fornuften. Medan jul og påske går attende til dramatiske hendingar i Jesu liv, har pinsa sin bakgrunn i sendinga av Anden til alle. Det som hende den fyrste pinsedagen, var at Anden vart frigjeven. Kva dette har å seia, vert lett svevande for den som ikkje har eit personleg tilhøve til Anden. Dei bibelske forfattarane gjer ikkje nokon freistnad på å skildra Anden sitt andlet. Dei rettar i staden søkjelyset mot Anden si gjerning. Vekta ligg på det Anden utrettar. Dette gjer det lettare for det truande mennesket å verta ven av pinsa enn for den som er utanforståande og uengasjert.

Etter kristent syn er pinseunderet noko me ikkje kan greia oss utan. Det kjem av at Den

Heilage Ande er livgjevaren (såleis i Den nikenske truvekkjenninga). Anden fyller trua med liv. Der Anden får sleppa til, der vert Bibelens Gud min Gud. Eg lærer å sanna med hjarta at Jesus døydde og stod opp att for meg. Utan Anden vert Gud utydeleg og Jesus Kristus berre ein historisk skapnad. Det er Anden som gjer at Gud og Jesus kjem nær, og som difor vekker og nærer trua. Fyrst då kan eg sanna synda mi for Gud og oppleva tilgjevinga. Løyndomen i det kristne fellesskapet, kyrkja, er: å leva saman av nåde.

Pinsa er bøna si høgtid. Det er takka vere Den Heilage Ande at me kan pusta inn nåden og leva i vona om evig liv. Når Anden får sleppa til, vert det vekking. Menneske vert fornya ved Anden. Sluttar me å be om at Anden må gjera trua levande for oss, vert det fort turketid i kyrkjelyden. Me treng å be: «kveik ljuset ditt i vår forstand og i vårt hjarta

kjærleiks brann, til vanmakt vår og vesaldom med heilag hjartestyking kom!» (Norsk Salmebok nr. 209.vers 4).

Frå boka «Troens pust» (Luther Forlag 1994, til nyn. ved red).

Frå den her nemnde pinsesalmen tek me og med dei to siste versa:

*Lys opp for oss, så klårt vi må
Gud Fader og Guds Son få sjå,
og deg som frå dei bår er,
i hjartans tru få evig kjær!*

*Ver lova, Gud, vår Fader god.
Guds Son, som opp frå døde stod,
og Trøystaren, Guds Ande blid,
høglova ver til evig tid!*

STILLE STUNDER



Stille Stunder
kjem ut 6 gonger i året.
Bladet kan tingast hjå
Stille Stunder,
ved Berit Torp,
5286 Haus.
Tlf.: 56 39 03 59.

Bladet kostar kr 150,- pr år
Postgiro 7877 05 64653

Bladstyret: Adjunkt Knut O. Dale, formann
Lærer Borghild Melve, Prest/
statsstip Nils-Aksel Mjøs, Sokne-
prest Ådne Skiftun. Kyrkjeverje
Ingvard Teigland
Redaktør: Sokneprest Ivar Molde, 5700 Voss
Tlf.: 56 51 23 25
E-post: ivarmolde@hotmail.com
Utgjevar: Foreininga Stille Stunder
Forretningsfører: Berit Torp,
5286 Haus.
Trykk: Sunnhordland, Stord.

Våren er her!

Av Jarle Bondevik

Vår er ei av dei fire årstidene – og kanskje den som er oss aller mest kjær. I vårt språkområde er ordet vår no einerådande, men vi skal ikkje gå langt attende før vi møter eit anna ord med det same innhaldet, det er forår. Om ikkje Wergeland vert gløymd, vil han ta vare på ordet for oss:

*O Foraar! Foraar! red mig!
Ingen har elsket dig ømmere end jeg*

Dette skreiv han 21. mai 1845, altså for hundre og sekstisju år sidan. Foråret har håpet i seg. Våre grannar i sør, brukar dette ordet framleis, lenge var det konkurranse mellom vår og forår. Grundtvig brukte orda om einannan:

*Som forårssolen morgenrød
stod Jesus op af jordens skød
med liv og lys tillige
derfor, så længe verden står,
nu efter vinter kommer vår
livsalig i Guds rige.*

Forår er lånt til dansk og norsk frå plattysk vorjar, og det tradisjonelle vår i dansk lever no stort sett berre i poetiske uttrykk som “ungdommens vår” og liknande. Forår og vår har med tid å gjera, den vi gler oss over – og kanskje sørgjer over. Piet Hein vurderer tid på denne måten:

*At forår blir til
efterår –
det kommer af
at tiden går.*

*At også vinter
blir til sommer –
det kommer af
at tiden kommer.*

Forår tyder beint fram den fyrste tida av året, i motsetnad til efteråret, og så har det vorte avgrensa til det vi kallar vårmånadene. Ei liknande tyding har det tyske Frühjahr og Frühling, som då tyder den fyrste delen av året, i motsetnad til Spätjahr, den siste delen av året. Same tolkinga har òg det franske ordet for vår: printemps.

Ordet vår kan vi fylgja attende til indo-europeisk, det vil seia ein par tusen år, i latin heiter det ver, blomsteren primula veris er vårens fyrste (blomst). Den indo-europeiske rota tyder på at ordet har noko med ljøs å gjera, slik òg aust har det. Aust er der aurora, morgon- roden viser seg, og sola stig opp.

At ljuset jagar bort vintermørkret, var forfattern av Kongsspegelen oppteken av. Når ljuset er så sterkt at vi ikkje kan sjå stjerner, då byrjar dagen å lengjast og solgangen tek til å veksa. Og så merkeleg er det, at i motsetnad til i sørlegare himmelstrøk, så vert dagen lenger enn natta, ja nord i landet varer dagen døgeret rundt, for “det er støtt dag der ljuset er”.

I poesien har dette vore eit kjært bilete:

*ein Dag er tendrad, fyrr en hin er slokken,
og Kveld og Morgon renna heilt i Hop.
heiter det hjå Ivar Aasen.*

Og dansken Jacob Knudsen har den vakre utsegna i sin morgonsalme om korleis ljuset møter jorda:

*hvilken salig jubel, skønt alt er tyst,
medens lyset lander på verdens kyst.*

I tyske dialektar og sume gonger i poesi kan vi finna eit anna ord for vår, som etter tydinga høver her. Det er Lenz, som i grunnen tyder lenging, dagane vert lengre. Dag og natt vert like lange ved vårjamdøger, og no går snart dagen av med sigeren. Det vert "Store Dagar og stutta Næter", som det står i Gamle Noreg.

Det engelske ordet for vår, spring, er kanskje det som har mest dynamikk i seg, særleg dersom ein har i minnet dei andre tydingane som ordet kan ha som verb; hoppa, sprengja, vella opp. Eg synes få har fått denne dynamikken fram slik som Vinje. Vinjes tekst med den vedunderlege melodien til Edvard Grieg, framstiller den veldige krafta som våren har, og korleis han kan røra ved menneskehjarta.

*Enno ein gong fekk eg vetren å sjå
for våren å røma;
heggen med tre som det blomar var på,
eg atter såg bløma.
Enno ein gong fekk eg isen å sjå
frå landet å fljota,
snjoen å bråna og fossen i å
å fyssa og brjota.
Graset det grøne eg enno ein gong
fekk skoda med blomar;
enno eg høyrde at vårfuglen song
mot sol og mot sumar.*

Har du tilfang til bladsoga vår?

Eg vender meg denne gongen særleg til dei av lesarane som har fylgt oss ei tid. Eller og: dei som kjenner til at Stille Stunder har vore eit blad i heimen i tidlegare tider. Kan henda ligg det gamle årgangar og gulnande blad bortgøymde på eit loft ein stad – kven veit?

Det har seg slik: Det nærmar seg no eit 125-årsjubileum for Stille Stunder. Det aktuelle året vil vera 2014. I skuggen av grunnlovsjubileet må ein slik milepel i

nokon mon markerast, den og - såleis då gjerne med nokre »godbitar» frå bladsoga vår. Kva med deg – har du kanskje noko du kan melda eller skriva, senda oss? I så fall vil redaktøren med stor takk ta imot. Me veit at årgangane våre kan finnast, i nasjonalbibliotek og på mikrofilm. Me har likevel ikkje dette tilfanget for handa, slik i det daglege. Å få noko meir av soga vår gjort lettare tilgjengeleg, vil vera av stor interesse.

Lat det elles vera sagt: At dette bladet no går i sin 123. årgang, ja,- det er ikkje så radt lite av eit under. Bladsoga kan fortelja at det slett ikkje alltid var lett å få det til å sviva rundt. Nett no går det nokså bra. Det kan me saman få gle oss over.

Så ser eg fram til at nokon mellom lesarane kan vera med og gjera fortida vår til meir av ei levande soge – for fleire.

-red.

Kaj Munk og Bjørnson om miraklet i kristentrua

Av Lars Hernes

Det må kunna kallast eit trusprosjekt å setja opp diktarpresten Kaj Munks drama om miraklet som Festspel-framsyning. For det gjorde dåverande teatersjef Bjarte Hjelmeland på Den Nationale Scene i fjor vår. I programheftet for stykket skreiv han: "Anten ein trur eller ikkje trur, så talar Ordet til djupna i menneskesjela." Det vil svært mange seia seg samde i. Stykket gjorde stor lukke; det gjekk for fulle hus langt utover hausten.

Døds-traume og "miraklets mulighet"

Det eigentlege trusprosjektet er det som Ordet handlar om. Stykket speglar Kaj Munks eigen kamp med tru og tvil. Tidleg fekk han røynt dødens brutale makt over menneskelivet. Tre år gammal miste han far sin. Fire år seinare døydde mora òg. "Alt hva jeg fik i arv fra mine forældres hjem, var min dåbskjole, en kaffedug og Gud", skriv han i sjølvbiografien Foråret så sagte kommer. Familien hadde lita tru på at vesle, veikhelsa Kaj skulle leva opp. For på gravsteinen til foreldra var det òg etla plass til hans eige namn. Han opplevde bestemora sin død på nært hald og på ein skremmande måte. Som gymasiast knytte han

gode band til eit ungt ektepar. Så døyrr den elskelege kona, og ekte mannen fortviler. "Havde Kristus været her, han var trådt hen til båren og havde løftet hånden, men ikke for at holde ligtale, men for at sige ordet. Og den døde havde rejst sig." I 18-årsalderen opplevde Munk ei eksistensiell krise som gjekk på både trua og livet laus. Og "underet havde jeg kredset om fra jeg var 5 år gammel". I harde bønemarkar med Gud var "forudsætningen for hver eneste bøn miraklets mulighed". Denne "miraklets mulighed" sleit han med gjennom heile teologistudiet. Underleg nok fekk han òg ei eksamensoppgåve som gjekk ut på å drøfta kristen undertru i lys av vitenskapens kritiske spørsmål.

Det største underet

Den sentrale kjernen i kristentrua er proklamasjonen av inkarnasjonen, dette største av alle under. I prologen til Johannes-evangeliet heiter det: "I opphavet var Ordet, Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud. (...) Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss." At dette gudmennesket, Jesus Kristus, døydde, men stod opp att frå dei døde, har alltid vore fundamentalt for den kristne kyrkja. Slik må det òg vera, om kyrkja

skal byggja på apostlane sine vitnemål. Forkynninga til Peter og Paulus inneheld den faste formelen: "Gud reiste han opp frå dei døde." Dette står eller fell kristentrua med, hevdar Paulus: "For står ikkje døde opp, så har heller ikkje Kristus stått opp (1. Kor 15)". Difor er døden tvitydig, seier den engelske forfattaren og kristne apologeten C.S. Lewis. Paradoksalt nok vert døden både vår siste fornedring, men òg vår kristne von. For døden var det midlet Kristus vann siger gjennom. Og i Filipparbrevet skriv apostelen om oppstodekrafta, som den Kristus-truande får leva i.

"Bestil noget mens De venter"

Den verkshistoriske bakgrunnen for Ordet er forvitneleg. Etter teologisk embetseksamen hausten 1924 hadde Kaj Munk fullført teaterstykket En idealist og sendt det til Det kgl. Teater for vurdering. Då var han alt i gang med prestegjeringa si ute på den jyske bondebygda. Men den utolmodige diktarpresten greidde ikkje venta på svaret. Han drog sjølv til København og oppsøkte hovudkonsulenten, den framståande litteraten Hans Brix. "Bestil noget mens De venter", sa Brix, og bad Munk skriva eit

nytt stykke "der tager bønder alvorligt". Og Munk drog heim, skreiv Ordet på seks dagar og sende dette til Brix. Etter kort tid fekk han melding om at En idealist var "antaget til opførelse". Men Ordet vart for sterk kost på Det kgl. Teater. Ikkje før i 1932 fekk stykket si fyrste oppsetjing, og då på eit lite, privat teater. Om enn omstridd, har det òg gjort lukke på mange teaterscenar.

Ordet som drama

Ordet er ein kort tekst, men med mange scenar. Meisterleg får Munk dei til å gli saumlaust i kvarandre innanfor dei fire aktene. Intrigeteknikken er ibsenssk; tidlegare hendingar vert omtalte i dialogar som styrer handlinga vidare. Særleg spenningsdrivande er det som kjem frå Johannes sin munn. Eitt døme finn me i den innleiande samtalen mellom ungekona Inger og svigerfaren, Mikkel Borgen. Inger går på fallande fot. Barselen kan skje når som helst, seier ho. Då er det at den paranoide Johannes stikk hovudet inn døra med utrope "Et Lig i Storstuen!" Eit tydeleg frampeik til fødsel, Ingers død og det miraklet som Johannes skal verta reiskap for. I slike tekstdetaljar viser Munk si dramaturgiske klo.

Sosiale og religiøse maktaspekt står sentralt i stykket. Dei er særleg knytte til dei harde motsetningane mellom Mikkel Borgens grundtvigianarar og Peter Skrædders indremisjonsflokk. Midt i dette konfliktstoffet plantar så

Munk eit Romeo og Julie-motiv. Som hjå Shakespeare vert dei to unge elskande uskuldirge offer for motsetningane mellom fedrane deira.

Hovudtemaet spring fram av det miraklet som heile det dramatiske plottet siktar mot. Med unntak av Johannes og veslejenten Maren møtest både den positivistiske lækjaren, den rasjonalistiske presten, grundtvigiananske Mikkel og pietistiske Peter i avvising eller skepsis til eit så eklatant brot på naturlovene. Men Johannes, som meiner han er den tilbakevende Jesus, er urikkande i si tru på oppstodekrafta. Ved båra til Inger spør han retorisk: "Hvor er Opstandelsestroens Sejrsforvisning?" Så byd han Inger stå opp, og ho reiser seg. Miraklet har



Johannes i teaterstykket Ordet, her spela av Øyvind Gran. Foto: Nicolaas A. Kippenbroeck (bilete motteke frå DNS).

skjedd. I knappe replikkar kjem det ulike reaksjonar frå dei som har stått tafatte kring båra. Ei strofe av Grundtvig-salmen "Krist stod opp av døde" lyder utanfrå. Slik sluttar dramaet.

Ordet og Bjørnsons Over ævne.

I sitt stykke om miraklet har Kaj Munk òg lagt inn eit hint til Bjørnsons idédrama Over ævne. At Johannes vart sinnssjuk, har direkte samanheng med ei teateroppleving av dette stykket. Hovudpersonen, Adolf Sang, er ein prest som sokneborna hans elsker. Han er eit solskinnsmenneske. Han lindrar materiell og åndeleg naud. Han har åndskraft til å lækja sjuke. Han skal jamvel ha vekt ei død ungjente tilbake til livet. Men Sang har ei kronisk sjuk kone, Klara. Ho seier sjølv at ho "er av en tvilerslekt". Difor kan dei ikkje be til Gud i lag om lækjedom. I ein Jakobs-kamp naudbed Sang likevel Gud om å lata underet skje. Det ser ut til at han vert bønheyr. Klara reiser seg frå senga. Folk syng halleluja og prisar Gud. Men så sig Klara saman, død. Sang seier: "Men dette var ikke meningen. Eller?" Så sig han saman og døyr, han òg. Som i ein klassisk tragedie etter aristotelisk mønster har Adolf Sang gjort den fatale synda å freista guddomsmakta med sin hybris, sitt menneskelege overmot. For dette vert han straffa med Guds nemesis.

Dei to teaterstykkane om

Heimen

Av Ivar Molde

Alle vegane våre, dei er då berre ein omveg heim. Nokolunde slik vert det sitert etter Herbjørn Sørebo. Han hadde nok mykje rett i dei orda. Ja, jamvel i ei tid då reiselivet blømer som aldri før, og då me på TV og dataskjermer ta inn alt me berre vil av impulsar, inntrykk. Så er det likevel noko med det å vita kvar eg kjem frå, høyrer til. Midt i mangfaldet: eiga rotfeste. Såleis gjerne meir med åra. Når dei gamle på sjukeheimen knapt hugsar stort frå dagen i går, så sit hendingar og minne frå oppvekståra ofte som spikra.

Det er fortalt om ein biskop, ein gong på visitas på ei lita øy med berre nokre få hus. I ein

samtale med borna spurde han dei: Kva er namnet på det finaste landet i verda? Svaret kom kjapt: Noreg. Ja, men så var det litt meir og: Kva er då namnet på den finaste plassen i det finaste landet i verda? Svaret kom greitt, endå ein gong: namnet på øya der dei budde. Men kvifor det då? Jau, fordi: Det er her eg har heimen min.

Nokon av oss har levd så lenge at me på skulen hadde «heimssoga». Men det var ikkje soga om lokalsamfunnet, ei heller den om landet vårt. Nei, for heimssoga, det var verds-soga. Dette går nok attende på det norrøne ordet «heimr». Det er eit ord, ikkje berre for heimen

i dagleg tyding, men for verda. Snorre skreiv Kringla Heimsins, soga om verdskrinsen. Det er altså dette som er den store heimen vår: jorda me bur på. Difor må me i gleða ved det nasjonale, lokale aldri verta oss sjølve nok. Me har ein heim som er endå større: allheimen. Samstundes: Er det ikkje då, når me lærer å setja pris på vårt eige, nære - at me kanskje best kan respektera og verdsetja dei andre sitt og?

I Bibelen er heimen vår noko me har her, samstundes noko me kan få sjå fram imot. Då Jesus kom til jorda, vart himmelen såleis gjort landfast. Der Gud bur, har Jesus med sitt liv og verk laga til for oss men-

miraklet har såleis same tema, men med motsette utgangar, og dermed diametralt motstridande budskapar. For Bjørnson hadde kristentrua vorte umogeleg, over evne. Med Ordet tek Kaj Munk eit oppgjer både med kald fornuftstru og tvilfull kristentru. Korkje legen eller presten i stykket godtek miraklet. Men det driv Mikkel Borgen til ei ny tru på Guds makt. I Ordet kvesser Kaj Munk maksimalt paradoksa i kristentrua. Teater er ikkje fornuftsbasert røynd. Men med Ordet hjelper diktarpresten både truande og

tvilande til å lyfta blikket - med eit vidare perspektiv og mot ein høgare himmel enn vårt innkrøkte ego jamnast er i stand til.

Kjelder:

Kaj Munk: Ordet. Nyt Nordisk Forlag MCMLXII.

Kaj Munk: Foråret så sagte kommer. Nyt Nordisk Forlag 3. udg. 1978.

Bjørnstjerne Bjørnson: Over ævne, første stykke, ny utg. Gyldendal 1960.

Saman med ordførar i Bergen, Trude Drevland og Kirkens Bymisjon delte Bjørgvin biskop Halvor Nordhaug onsdag 18. april for fyrste gongen ut den nyoppretta Johan Nordahl Brunprisen. Prisvinnar vart Bjarte Hjelmeland, då særleg ut frå si tilrettelegging av teaterstykket og tematikken som her er nærare utdjupa.

red.

neska: ein verestad (Joh. 14.1-6). I ulike ord og bilete vert han i Skrifta skildra for oss: den evige heimen. I ei av kyrkjebønene våre heiter det slik: «Du har kalla oss til å ha ein heim i di kyrkje på jorda og sett oss eit evig mål hjå deg».

I salmar og songar er dette eit mykje nytta motiv.

I ein av dei står det slik:

Takk for rosene på vegen, takk for tornar mellom deim.

Takk for reiste himmelstigen, takk for trygg og evig heim.

I ein annan:

Eg er ein gjest i verda, min heim i himlen er.

I ein tredje:

.....til ferdi heim seg vender, min Gud, til deg!

Heimen vår, kan vera barn-
domslandet som då stig fram
for oss. Edvard Hoem skreiv bok
med den talande titelen: Heim-
landet. Barndom. Eller: den
heimen eg har, her eg no bur og
høyrer til. Godt for alle som veit
om stader der ein kan kjenna
seg heime, finna rotfeste. Godt
så og for alle som har fått kjenna
lengten og ei vissa om ein evig
heim i vente – ja,- der på hi sida,
der roser aldri døyr.

Vegane, dei fara så vida.
Omvegane i livet, kan vera av så
mange slag, dei. Heimvegane,
godt når dei kan finnast, dei og.
«Då for alle heim» – så heiter
det i joleevangeliet. Og i likninga
om den bortkomne sonen: «Så
tok han i veg og gjekk heim til
far sin». Og for ei mottaking han
fekk!

Hymne

*Du eig ikkje jorda, den er ikkje di,
men ei allmakt, ein skapar, ein Gud om du vil
har gjeve deg bruksrett ei tid.*

*Rett til å rydje, rett til å så
-rett til å onne når hausten fell på.*

*Du fekk dine pund i ditt opphav ein gong
med bøn om å nytte dei rett.*

*Du fekk dine frø som du skulle så
til nytte for deg og di ætt.*

*Har du sådd desse korn? Har du brukt
dine pund slik som tanken og meininga var?
Kan hende at du, kan hende at eg og dei
fleste vert skuldig eit svar.*

*Vi eig ikkje verda, vi har den til låns,
-det står skrive i Moses si bok.
Men vi brukar vår kunnskap, vår evne og flid
til å setje ein klode i kok.*

*Vi kan kløyve atomet
og reise i romet
-vi kan krysse med laser, få verda i brann.
Men få korn til å spire, frø til å gro –
det er berre Den Store som kan.*

Av Magnus A. Henden (1923-1994)

Om salmen «Eg ser deg Gud»

Av Ivar Molde

I ein interessant oversynsartikkel i årboka Bjørgvin 1993 skriv Nils-Aksel Mjøs om Johs. A. Barstad – prest, salmediktar og redaktør. Om salmen «Eg ser deg, Gud» (Norsk Salmebok nr. 287) skriv han m.a. såleis:

«Når det gjeld den fine natursalmen «Eg ser deg, Gud» har ein leita etter ei forklaring på at denne ikkje kom med i Landstad Rev. og berre under Åndelege Songar i Nynorsk. (Som medlem i vurderingskomiteen for Landstad Rev. hadde Barstad neppe høve til å uttala seg om sin eigen salme, og heller ikkje som konsulent for komiteen som utarbeidde Nynorsk Salmebok). Ei innvending kan ha vore at ein kunne kritisera salmen for å ha panteistiske tendensar» (panteisme = Gud i alt/alt i Gud – red. mrk).

Mjøs refererer så til ein artikkel i Stille Stunder nr. 8 i 1908, skriven av av Peter Hognestad, medredaktør, og under titelen «Vantrui vaknar». Hognestad tek der eit oppgjær med vantrua i samtida, såleis og med panteismen. Han skriv:

«Ein flokk av dei vantrua vil ikkje lenger vera materialistar. Dei segjer jamvel, at det ikkje eingong samstavar med vitskapen å vera materialist. Dei trur på ei sjæl, for sjæli kann ein ikkje lenger tyda ut fraa atom-læra. Og dei trur på ein gud; men inkje ein livande personleg Gud som me kann beda til. Gud er berre den store kraft som liver i allheimen. Gud er verdi og verdi er Gud. Pantheisme kallar me denne tanken um Gud. – Pantheistarne vil nok hava ein religion, men kristendomen bryr dei seg inkje um. Lat oss finna det gode som bur i

Kallet og kjærleiken - Matias Orheim på teater

Det var sterkt - i Vangen kyrkje, Aurland, laurdag 5. mai - å oppleva Sogn og Fjordane Teater si framføring av saga om Matias Orheim. Med manus av Mette Brantzeg og Norvald Tveit, og med Frode Rasmussen og Linda Øvrebø i rollene som Matias og kona Marie. Dialogane mellom dei to gav oss noko av nerven i stykket. Det var samtalar, kvardagsnære. Og det var diskusjonar, ofte om viktige vegval – slik som i spørsmålet om flytting frå Nesttun, overtaking av garden på Stårheim.

Me får eit inntrykk av at Marie må ha vore ei sterk kvinne – endå om det som regel var Matias som drog det lengste strået. Det var mykje godt ho som dreiv gar-

den, ordna opp i saker og ting på heimebane. Men ho var og den som på mange av talarferdene reiste i lag med Matias. Livet for dei to – og etter kvart med åtte born - fann sine vegar i ei spenning mellom kjærleiken, sterk og varm - og kallet, for Matias: ei livslang oppgåve. Så og for henne som i alle dei år stod med han – til dei i 1958 døydde, berre med tre timars mellomrom, fyrst Matias, så Marie.

Unge forteljarar var med og gjorde saga om Matias Orheim levande. Musikarar, dels dei same, ytte sine gode tilskot til ein truverdig heilskap i ord og tonar. Sjølv sagt var både glasmusikk og felespel på plass. Det er sagt om

Matias Orheim at han kristna fela – og nynorsken. Til det siste lyt me få leggja til: saman med Barstad og Stille Stunder (og nokre fleire...).

Dette var ei teaterframsyning der det med stor innleving vart sett ord både på himmellengten og det jordnære – og der det var med, både song, bøn og endå til ein kollekt. Takk til Sogn og Fjordane Teater, som i ei rekkje kyrkjer her vest no er med og gjev liv, hjartevarme til saga om Marie og Matias Orheim!

Til dei som ei tid har fylgt Stille Stunder, kan me elles syna til tildlegare artiklar og portrett av «den blinde sjåaren» (uttrykket er Arne Grimstad sitt).

I/ Mo.

oss sjølve, so finn me Gud! Men me vil ikkje bry oss um dogme og læresetningar. Soleis tenkjer no mange folk som inkje reint vil sleppa alt ideelt livssyn».

Og Mjøs konkluderer. «Dette Hognestad-sitatet syner at krinsen rundt Barstad og Stille Stunder fordømde panteismen som vantru».

Mjøs skriv vidare: «»Sangboken» for bedehuset nytta salmen «Eg ser deg, Gud». Dei må altså ha godteke han. Vidare har han stått i Alvestads Folkehøgskulesongbok. For min del er eg einig med Peter Hallaråker i at det må vera ei mistyding å rekna denne salmen som panteistisk, ut frå det vi veit om Barstads teologiske syn. For Barstad er naturen ein del av Guds skaparverk, men ikkje identisk med Gud. I vår nye salmebok (den frå 1985, red. mrk.) er «Eg ser deg, Gud» plassert der han høyrer heime, under avsnittet «Guds skaparverk»».

Så langt salmekjennaren Mjøs i den nemnde artikkelen. For eigen del legg me til: Dette er ein særskild vakker og innhaldsrik salme, i kortform ei truvedkjenning til Gud Skaparen. Salmen er på ingen måte mindre aktuell i vår tid enn då han var skriven, så tidleg som i 1899. I ei tid då naturmiljøet meir enn nokon gong er under press, er det viktig at me kan setja liv og landskap inn i den store samanhengen. Dette har Barstad i denne salmen på meisterleg vis gjort.

I den nye salmeboka, som skal koma i 2013, er denne salmen no ute. Det undrar oss mykje. Av Barstad-salmane er det berre pasjonssalmen «Stille, stille, Jesus lider» og det omsette vers 2 i «Gud signe maten på vårt bord» som no er attende. Konfirmasjonssalmen (og i grunnen: meir enn det) «Din Frelsar ser på deg i dag» er ute, den og. Tidene skifter, det er så. Mest vil me nok syrgja over «Eg ser deg, Gud». Kanskje kan me finna høve til å syngja han likevel? No prentar me han her, i det minste. Salmen kan syngjast på i alle fall tre ulike melodiar.

Eg ser deg, Gud

Av Johannes Barstad (1899)

Eg ser deg, Gud, i kvar den blom som tiler
i fagre fargar mellom stein og strå,
som alle opp mot sol og himmel stiler
med bjarte smil mot barneaugo små.

Eg ser deg, Gud, i kvar den bekk som skumar
i kvite fossar mellom knaus og koll
og kler i brudeskaut den unge sumar
og syng sitt liv utover vang og voll.

Eg ser deg, Gud, i kvar den tind som syner
eit bilete av din stordom og din glans,
når soli honom med sin gullkrans kryner,
og snøen bind av sylv sin glitrekrans.

Eg ser deg, Gud, i kvar den sky som rodar
så reint og høgt i friske morgonstund,
og i det gull som eg i kvelden skodar,
når dagen trøytnar mot sitt kvilemund.

Eg ser deg, Gud, i alt det liv som yrer
kring jordi all og høgt i stjernesveim.
Eg ser kor vel du skipar alt og styrer
som kjærleg fader i ein barneheim.

Eg ser deg, Gud, og i mitt auga skjelver
ei gledetåre, for du har oss kjær
og over oss så fager himmel kvelver
og gav til heim oss slik ei fager verd.

Norsk Salmebok nr. 287



Den som tyrstar, skal koma
til meg og drikka. Den som trur
på meg, frå hans indre skal det,
som Skrifta seier, renna elvar
med levande vatn. Dette sa han
om Anden dei skulle få, dei som
trudde på han

Ord av Jesus i Joh. evg. 7.37-39.

100 år 2003

Trykksaker

Brosjyrer - Bøker - Blad - Aviser
forretningstrykksaker- brevpapir,
konvoluttar m.m.

- Me hjelper dykk med utforming.

prøv oss

101 år
1902-2003
Sunnhordland

Tel. 53 45 00 00



**NYNORSK
ANTIKVARIAT**
www.nynorskantikvariat.no




Nynorsk Antikvariat AS
Hulgata 11
4900 Tvedestrand
Telefon 37 16 66 66
E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar
Arne-Ivar Kjerland
E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no
Mobil: 928 29 098

B

NORGE



RETURADRESSE:
Stille Stunder
ved Berit Torp,
5286 Haus.

Kjelder

Av Margit Lappegard

*Drikk av dei ævelege kjelder
so du har noko å gje,
alt det du gjev i frå deg
kjem attende til deg.
Alle dei løynde tankar,
heile ditt hjartelag,
det fell i den djupe jorda
og spirer oppatt ein dag.*

*Ver stille – lat varmande strålar
opna ditt stengde sinn.
Lat fred og kjærleik frå råda
og smyga i hugen inn.
Då åkeren ein gong ligg ferdig
med voggande aks i vind,
når hausten er komen og sola
sig ned attom høge tind.*